



# Tryggheimhelsing

## Skolestart

s. 12



Misjonær i eget land  
s. 5



10 år med fulle hus  
s. 6



Elevstevnet  
2015  
s. 10-11



# Rektor har ordet



Gjermund Viste

## Ny ekteskapslov, verdigrunnlag og verdidokument

- 2009 – Ny ekteskapslov. Eit ekteskap kan no vere mellom to menneske av same kjønn.
- 2011 – Ny forskrift til Friskolelova. Kristne friskolar må synleggjere verdigrunnlaget.
- 2013 – Nytt verdidokument for NLMs skolar er med på å tydeleggjere verdigrunnlaget.
- 2015 – Politikarar: Kristne skolar må miste statsstøtte. Kvifor? Skolane har følgd opp krava i forskrift av 2011, men vi er totalt ueinige med dei i syn, seier eigentleg politikarane.

### Rett til å meine på tvers

Det er ikkje enkelt å gå motstraums. Leiaren i Stavanger Aftenblad (23.07.15) er blant dei som maktar å tenke prinsipielt her og støttar retten til å gå i utakt med det som er folkemeininga. Han held til og med fram det viktige med mangfald i eit samfunn og at formålet med statsstøtte til alternative skolar nettopp må vere å sikre og styrke mangfaldet. I lys av at den nye ekteskapslova berre er 6-7 år gammal i det norske samfunnet, så burde det ikkje overraske at kristne friskolar framleis held fast på klassisk forståing av ekteskapet.

### I samsvar med lovverket

Under den raudgrøne regjeringa fekk friskolane ei forskriftsending i 2011. Skolar som er godkjend på grunnlag av livssyn, (jf. friskolelova § 2-1 første ledd bokstav a) må synleggjere verdigrunnlaget sitt i læreplanane i relevante fag. Utdanningsdirektoratet følgde opp med presiseringar av kva dette betydde; ... må skolen synleggjere verdigrunnlaget i formålet, ... I tillegg skal skolen synleggjere sitt verdigrunnlag i stiftingsdoku-

menta. Dette var til det positive og gav skolane gode høve til kristen profilering i ulike fag.

### Verdidokumentet

Verdidokument for NLM sine skolar vart revidert i 2013. Også dette såg vi å vere i samsvar med forskriftsendinga om at kristne skolar må tydeleggjere verdigrunnlaget. Eit tydeleg verdigrunnlag bidreg til tryggleik og frimod for både tilsette og arbeidsgjevar. Nokre få utdrag: - Foreldreansvar - Det er foreldrene som etter Bibelen har ansvar for å oppdra barna sine. Dette er en ordning som er villet av Gud og som gjelder i alle typer samfunnsordninger. Våre skoler ønsker å hjelpe foreldrene til å gi barna en livskurs i samsvar med den kristne tro. - Samfunnet har et ansvar for å legge forholdene til rette slik at trosfriheten er reell og at ikke bestemte ideologiske syn påtvinges noen. Det er et kjennetegn på et sunt demokrati at også mindretallets rett ivaretas. - Skolene har et dobbelt formål. Det ene er å gjøre Kristus kjent for elevene slik at Han kan bli trodd og etterfulgt. Det andre

er å gi oppdragelse og undervisning ut fra et kristent menneskesyn og en kristen virkelighetsoppfatning, slik at de best mulig kan utvikle sine evner og ta ansvar i samfunnet.

### Bibelen talar klart om ekteskapet

Den setninga i verdidokumentet som har skapt mest debatt er følgjande: Det livslange, monogame ekteskap mellom mann og kvinne er rammen for det seksuelle samliv, og det forventes at alle lever i samsvar med dette. Ikkje meir og ikkje mindre. Heilt enkelt og ikkje overraskande, for dette er både klassisk og bibelsk kristendom. I 2006 hadde friskolane Fjelltun bibelskole og Tryggheim vgs besøk av biskop Ernst Baasland. Elevane på Fjelltun hadde spurt korleis det var å vere i eit bispekollegie som var splitta. Baasland hadde fortalt om det på ein fin måte og sa også at det mest positive i heile saka var at alle var einige om kva Bibelen uttala. Bibelen tala klart om ekteskapet mellom mann og kvinne. Men så hadde nokre biskopar forskjellige forklaringsmodellar for å forsvare eit forhold mellom to av same kjønn.

### Familien som samfunnet si grunncelle

På Tryggheim ønskjer vi her å halde fram ekteskapet mellom mann og kvinne som samfunnet si grunncelle. Vi meiner vidare at barn må få vekse opp med biologisk mor og far, om ikkje særlege grunnar skulle tilseie noko anna. Dette er også i samsvar med FN sin barnekonvensjon, art. 7.1: "Barnet skal ... så langt det er mogleg ... har rett til å kjenne sine foreldre..." Som kristen friskule skal vi undervise i samsvar med vår godkjenning og overtvinging. Det er vi glade for, men vi ønskjer å gjere det på ein forsvarleg måte. Vi ønskjer difor på Tryggheim å skape eit miljø for at også elevane med homofile kjensler, anten dei står fram eller ikkje, anten dei ønskjer å vere kristne eller ikkje, skal kjenne seg verdsett og respektert.

### Sanning i går, sanning i dag

På skulen har vi tala om sanning.  $2 + 2 = 4$  er ei sanning som ikkje endrar seg. Slik er det også med Gud. Han er sanning. Han er uforanderleg. Salme 119, 89: Til evig tid, Herre, står ditt ord fast i himmelen. Salme 119, 160: "Summen av ditt ord er sanning, og til evig tid står all di rettferds lov ved lag." Vi vil halde fast på sanninga anten den er medstraums eller motstraums.

# Jeg – en sau??

«Jeg er den gode hyrde. Den gode hyrde gir sitt liv for sauene.» Joh.10,11. I bibelverset sammenligner Jesus seg selv med en hyrde, mens mennesker sidestilles med sauer. På den tiden – og kanskje også i dag – hadde folk vanskelig for å akseptere bildet, siden gjetyrket ikke hadde særlig stor anseelse. Ikke var det spesielt smigrende å bli jevnstilt med en sau, og hvorfor ville Jesus, Guds Sønn, bruke et lavstatusyrke som illustrasjon på seg selv?

Jesus tenkte heldigvis annerledes og brukte personer som var mindre verdsatt i samfunnet for å underbygge poengene sine. Husker du for øvrig hvem som først fikk æren av å besøke det nyfødte Jesus-barnet i stallen?

Hver enkelt sau representerte stor verdi for eieren sin. Derfor måtte flokken passes godt på. En hyrde kjennetegnes av at han går foran sauene og leder dem til områder med god tilgang på mat. Han holder dem samlet og beskytter dem fra villdyr og andre truende farer. Men viktigst av alt; Hyrden kjenner sauene sine og har omsorg for dem, og sauene stoler på opppasseren sin. «Jeg er den gode hyrde. Jeg kjenner mine, og mine kjenner meg.» Joh. 10, 14.

En sau som holder seg nær til hyrden, er trygg. Sauer uten hyrde omtales i Bibelen



som forkomne og hjelpeløse. «Da han så folket, fikk han inderlig medynk med dem, for de var herjet og forkomne som får uten hyrde.» Matt. 9, 36.

Jesus kjenner deg. Du er uendelig verdifull for Ham. Så betydningsfull er du at Han døde for deg for å redde deg. Han håper å vinne din tillit. Han ønsker å forsvare deg mot farer og fristelser. Og er du borte fra Hyrden, vil han lete etter deg.

Kanskje ikke så ille å bli sammenlignet med en sau likevel?



## Visste du at...

**Jon Arne Birkedal** (AF 99-02) og Silje Alvseike giftet seg 12. april.

**Elisabeth Egeland** (miljøarbeider 13-14) og **Sveinung Bø** (BY 07-09) giftet seg 2. mai.

**Björg Omland** (AF 05-08) og **Aslak Fitjar Oltedal** (AF 05-08) giftet seg 16. mai.

**Vegard Giljebrekke** (BY 04-06) og Elisabeth Ohm giftet seg 23. mai.

**Anne Kari Eiane** (AF 03-06) og Åge Emanuel Rovik giftet seg 30. mai.

**Ingrid Grødem** (HS 09-11) og **John Henrik Kirkeli** (EL 09-11) giftet seg 6. juni.

**Anette Sjøland** (ST 06-08) og Frode Sleveland giftet seg 6. juni.

**Håkon Hartmark Person** (ST 06-08) og Hanne Marthe Røiland giftet seg 13. juni.

**Kristian Ydstebø** (ST 08-11) og Beate Heskje giftet seg 20. juni.

**Anna Gausland** (AF 98-01) og Lars Tjelta giftet seg 27. juni.

**Ingrid Gilje** (HS/PB 08-11) og **Jan Tore Gjedrem** (BY/PB 08-11) giftet seg 27. juni.

**Margrete Tveita** (ST 09-12) og Morten Skogseth giftet seg 27. juni.

**Margunn Østebø** (HS 08-10) og Sven Morten Kjølleberg giftet seg 27. juni.

**Monica Risa** (HS/PB 08-11) og **Ingve Lode** (EL/PB 02-05) giftet seg 27. juni.

**Elisabeth L. Steinsland** (lærer vgs 13-) og Dennis Columbus Ruiz giftet seg 4. juli.

**Maria Birkedal** (ST 07-11) og Håvard Høie giftet seg 25. juli

**Gaute Fotland** (AF 05-08) og Elisabeth Fjellvang giftet seg 22. august.

**Christina Husveg** (BU/PB 10-12) og **Arnstein Sirevåg** (EL 09-11) giftet seg 29. august.

**Kjell Ove Særheim** (ST 12-15) syklet Vigrestad - Roma i sommer på 26 dager.

**Ida Kristine Neema Malde** (ST 11-14) reiste i høst til Kenya som NLM-medarbeider for et år.

**Tryggheim ungdomsskole** har som første skole i Rogaland fått utmerkelsen «Trafikksikker skole». I anledning tildelingen av denne æresbevisningen hadde skolen i oktober besøk av både ordfører og rådmann i Hå samt en representant fra Trygg Trafikk.

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til [aaanestad@tryggheim.no](mailto:aaanestad@tryggheim.no), SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).

# Bør Tryggheim leggst ned?



Illustrasjonsbilde

Eit nytt skuleår er godt inne i første termin, og for Tryggheim sin del skjer det på 96. året. Når folk kjem opp i ein slik alder er det gjerne tid for ettertanke, dempa aktivitetsnivå og å legge inn årene, som det heiter. Ein lyt tilpassa seg den geriatriske røynda. Ein skule er ikkje underlagt same biologiske vilkår, så ei nedlegging lyt ha andre årsaker. For dei som les med frykt og fortvilning: nedlegging er ikkje eit aktuelt alternativ, men ettertanke kan ha noko for seg, uavhengig av alder.

■ Tekst: Knut Handeland

## «Kvifor legg de ikkje berre ned?»

Bakgrunnen for den retoriske og tabloide overskrifta kjem her: På ein av planleggingsdagane i august hadde me besøk av ein utanfrå som skulle hjelpe oss til å klargjere tankane om kva me vil med skulen. Ikkje slik å forstå at folk er heilt i villreie over kva dei held på med her, men verdien av ei sams forståing av kvifor me eksisterer og ikkje minst kva me vil, kan knapt overvurderast. «Kvifor legg de ikkje berre ned?», spurde han. Eit ganske overraskande spørsmål å stilla når elevtalet er på topp og mange piler peikar oppover. Då går ein litt i mentalt forsvar. Kva ville du ha svart? Dei mange tilsynelatande gode svara på spørsmålet som poppar opp i rein refleks, toler kanskje ikkje ein nærare ettertanke? «Mi har det jo så greit» som det heiter på Sørlandet; er det eit godt nok svar? Nei, ikkje som fundament, som eit grunnleggande svar på spørsmålet. At dei tilsette treng ein plass å arbeida, eller at trivselen er høg både blant tilsette og elevar er heller ikkje godt nok. Det grunnleggande svaret

må forankrast i kva me vil oppnå, i visjonen, det som høyrer framtida til. Visjonen er eit bilete av ei framtid som er såpass ideell at det gir kraft og retning til det daglege arbeidet, men ikkje så lett å oppnå at ein kan slutte dagen til lunsj. Ideelt sett skal han famne det me ønskjer, på ein måte som gjer det lett å halde fast på, attråverdig å kjempe for og vanskeleg å oppnå. Han skal vere svaret på kvifor me ikkje legg ned.

## Dobbelt oppdrag

Kristen skule har eit dobbelt oppdrag - misjonsoppdrag og kulturoppdrag. Begge er bibelsk funderte, og kulturoppdraget får me stadfesta som samfunnsoppdrag via Stortinget. På detaljnivå vert dette tidvis endra via nye reformer, men i hovudsak ligg det fast: å legge til rette for læring av kunnskap, dugleikar og haldningar som er naudsynte og gode for oss sjølv og nesten. Dette oppdraget får me betalt for å utføre. Misjonsoppdraget: at flest mogleg skal kome til tru på Jesus Kristus, ligg også fast, sjølv om det ikkje blir stadfesta av Stortinget, og det heller ikkje følgjer pengar med.

I visjonen for ein kristen skule må desse oppdraga samantenkast så langt råd er. Og det er ei øving som aldri tek slutt fordi verda og utfordringane endrar seg. Det kristne skal ikkje vere ein slags pynt på toppen av skulekaka, noko som kan vere ei grøft å hamne i. Den andre grøfta kan vere å reindyrke misjonsstasjonstenkinga så det vert «Tryggheim utdanningskyrkje». Ei fare med det kan vere at ein overlet til sekulærkreftene å definere innhaldet knytt til kulturoppdraget, medan ein er ivrig oppteken med lov og evangelium.

Kva gjer du, spurde han den første. "Eg hogger stein", sa han. Kva gjer du, spurde han den andre. "Eg lagar ei trapp", svarte den andre. Og kva gjer du, spurde han den tredje. "Eg bygger ein katedral," svarte den tredje.

## Finnes det ein kristen måte å slå i ein spikar?

Mange har høyrte historia om den langveggsfarande frå middelalderen. Om han som rei forbi tre steinhoggarar i steinbrotet. Kva gjer du, spurde han den første. "Eg hogger stein", sa han. Kva gjer du, spurde han den andre. "Eg lagar ei trapp", svarte den andre. Og kva gjer du, spurde han den tredje. "Eg bygger ein katedral," svarte den tredje. Dei hadde ganske ulike oppfatning av kva dei heldt på med. Sistemann hadde greidd å halde fast visjonen. Det finst truleg ein kristen måte å slå i ein spikar, men det let seg ikkje observere på hamringa (men kanskje på kva som vert sagt når ein bommar og treffer tommelen). Det er ikkje teknikken som avgjer det, men perspektivet, og kva heilskap ein set handlinga og til sist heile livet sitt inn i. Bilding, det tyske ordet for danning, er i slekt med ordet bilde og det betydde opphavleg at mennesket, skapt i Guds bilde, verkeleggjer bildet gjennom handlingane sine. Ikkje spesielt kristelige handlingar – andelege øvingar, men som Luther uttrykker: "Eit kvart ærleg arbeid er ei gudsteneste." Jesus Kristus er Guds bilete, og ein skule som legg til rette for at unge menneske kan få del i det, både som gåve og oppgåve, har ein god grunn til ikkje å legge ned.

# Misjonær i eget land



Margunn vil fortelle om Jesus gjennom vennskap.

## - DETTE MÅ JEG VÆRE MED PÅ

■ Av Bjørg Topnes

- Jeg går til en verden som er helt ukjent med Jesus. Dette sier Margunn Kjølleberg fra Rennesøy som er frivillig i organisasjonen Young Life på Sinsen i Oslo. Hun var elev på Tryggheim for 5-6 år siden, da med etternavnet Østebø. Nå er hun nygift, studerer til sosionom og bor midt i Oslo.

Den som var på NLMs generalforsamling i sommer, kunne ikke unngå å legge merke til engasjementet flere av organisasjonens unge har for å nå folk i vårt eget land med evangeliet. Margunn er en av flere som har meldt seg som frivillig i Oslo i det siste. Fredagskveldene tilbringer hun og tre andre jenter på en ungdomsklubb for å bli kjent med unge jenter på Sinsen.

### Vil nå jentene

- Nå er det jentene vi vil nå. Blant guttene i området har det vært arbeid en stund allerede. Vi ser for oss å skape minner og relasjoner, ja, dele livet med disse jentene, sier Margunn, og nevner at hun har en avtale om å møte noen av dem hjemme hos en av de frivillige på tirsdag.

- Tanken bak Young Life er å nå ungdommer som er uten kjennskap til Jesus og bedehuset. På klubben på Sinsen kommer mange med muslimsk bakgrunn, men også en del etnisk norske, særlig jenter. Guttene har reist på leir flere ganger, og vi ser at vårt vennskap med dem påvirker deres oppførsel og tanker om livet. I høst håper vi at noen jenter også blir med på leir. Den andre Young Life-gruppa i Oslo drives på Oppsal. Her fins et stort arbeid med blant annet bibelgruppe for de som vil lære mer og disippelgjøring i én-til-én-relasjoner. Et par har blitt kristne, og noen ønsker ledertrening.

### Misjonærtanken

Hvorfor vil du være med på dette, Margunn?

- Misjonærtanken har jeg nok hatt ei god stund. Etter to år på helsefag på Tryggheim og med stort sett kristne venner rundt meg, valgte jeg å reise til Nordborg vgs på Finnsnes der det er få kristne elever. Der skjønte jeg at det er dette det handler om, at vi som er kristne skal være lys i mørket. Vi er kalt til å være vitner og dele Jesus med dem rundt oss. Ikke alltid har det stått klart for meg hva jeg skal gjøre, men jeg har alltid hatt lyst til å leve for noe annet enn meg selv.

### Meningsfylt

- Jeg er veldig takknemlig over å få være med. Til tross for at det koster meg litt og jeg må gi avkall på tida mi, opplever jeg dette som veldig spennende og meningsfylt. Misjonsbefalingen ber oss gå ut og gjøre alle folkeslag til disipler. Det må jeg være med på, avslutter hun.



# 10 år med fulle hus

Frå oppstarten i 2005 har Tryggheim ungdomsskule vore ei suksesshistorie. Her er ei oppsummering av det avisene har skrivne om skulen sidan oppstarten.

- Tekst: Knut Reier Indrebø
- Foto: Arkiv

«Eg vonar me skal få til ein skule her som me kan vera stolte av. Men eg veit det vil ta tid, og det er utruleg avgjerande kven som blir med på den jobben. Eg ønskjer å leia ein skule der elevane har det godt, der dei lærer mykje, og trivst,» sa leiar for ungdomsskulen Tron-Arild Grødem til Stavanger Aftenblad våren 2005.

Stavanger krins av NLM bestemte i 2000 at det skulle startast ungdomsskule i tilknytning til den vidaregåande skulen på Tryggheim. Skulen vart først godkjend for 90 elevar, og første skuleåret var det 17 stykk på skulebenken.

«Alle 17 er svært godt fornøgde. Det stemmer med inntrykket vårt. Alle er så ivrige. Nivået er forskjellig, men skule er viktig for alle», sa Grødem til avisa då første kullet var godt i gang.

## Stor vekst gjennom alle år

Andre året vart ein så mykje som 62 elevar, og ein søkte ny godkjenning. Godkjenninga for 180 kom i 2006, samstundes som ein starta arbeidet med nytt bygg. Dette blei innvigd 26. september 2007. Aftenbladet skreiv same dag:

«Pågangen er stor og styret vurderer å utvida. Ja, det gjorde dei alt før nybygget vart reist.

- Men før dei tek stilling til utviding, vil dei la skulen setja seg og koma skikkeleg i gang, seier leiar Tron Arild Grødem. Samstundes med at nybygget har vorte teke i bruk, har skulen 200 langtidssøklarar på listene sine for åra framover.»

## Ventelister

Etter kvart vart ventelistene mykje lengre. I mange år har skulen vore nøydd til å seie nei til ein stor andel av søkjarane, også i 2009.

Den gongen hadde skulen 133 elevar.

«Ikkje ei krone bruker Tryggheim ungdomsskule til marknadsføring. Likevel er pågangen enorm. – Det er vondt å seia nei til elevar som ynskjer å gå hjå oss. Me skulle gjerne tatt inn fleire, men plassen stoppar oss», sa Grødem til Jærbladet.

4. februar 2011 er det den høge trivselsfaktoren som er tema i Jærbladet. Dei intervjuar ei gruppe elevar.

«Gode venner, lite miljø og lærarar som tek seg god tid med elevane, anten det er om faglege spørsmål eller om personlege problem, er blant grunnane elevane ramsar opp som viktige for trivselen.

– Og så reiser me på turar kvart år. I åttande klasse er det ein tur rett etter skulestart. Det gav ein god start på året, sidan mange ikkje kjende kvarandre på førehand», fortel Birgitte Bjorland Helgøy.

## Ein annleis skule

I 2011 er elevtalet blitt tidobla frå første året, med 167 elevar. Grødem finn ulike årsaker til den store søknadsmassen i samtale med Jærbladet.

«– Me har veldig flinke lærarar, og Tryggheim-namnet er, gjennom snart 100 år, innarbeida i lokalsamfunnet som noko positivt. Besteforeldre og foreldre har gått på Tryggheim, og elevane er den beste reklamen me kan få. I tillegg står skulen for noko. Verdier, kristne grunnverdier, som er viktige å få fram. Me har ein visjon: «Ein skule for Livet. Omsorg, trivsel, kvalitet.» «Livet,» med stor L,

grunngeiv skuleleiaren.»

Hausten 2012 er det for første gong fleire åttandeklassingar som byrjar på Tryggheim enn på Nærbø ungdomsskule. Jærbladet tek saka nok ein gong:

«– Me tykkjer det er «voldigt gildt» at folk vil gå her, og det viser behovet for slike skular. Skular med ein kristen ståstad, uttaler Tron-Arild Grødem.»

## Også gode framtidsutsikter

Siste gong elevvekst og skulen si utvikling vart omtalt i avisene var i Jærbladet 22. juni i år.

«Mange ønskjer plass og det går ikkje ei veke utan at rektoren mottok søknader om elevplass i åra framover. 30 prosent av plassane blir fordelte ut frå søknadstidspunkt. Det har ført til at mange er uvanleg tidlege med å søkja.

- Den yngste eleven som har fått plass var to dagar gammal. Då var bestemora her og leverte inn søknaden på vegne av foreldra, fortel rektoren. Han har allereie mange namn klare for skuleår langt fram i tid.»



Første skuleåret var det 16 elevar på Tryggheim ungdomsskule. Her er nokre av dei.

# Nytt bygg på tre dagar

Arbeidet med nytt tilbygg til Tryggheim ungdomsskule er i full gang. Nybygget vil tredobla arealet til ungdomsskulen.

■ Tekst og foto: Knut Reier Indrebø

I august starta gravemaskinane det første arbeidet for å gjera klart til nytt bygg, og ein har sidan då sett store framsteg dag for dag i arbeidet med grunnmur og kjellar. Det er eit stort bygg i tre etasjar som skal reisast, og arealet til ungdomsskulen vil auka frå 1000 til 3000 kvadratmeter. Dermed aukar også kapasiteten til skulen, som frå neste skuleår kan ta imot alle dei 270 elevane skulen er godkjend for.

## Frå tronge kår til romsleg armslag

I dag vert både bustadhus og fleire rom på vidaregåande tekne i bruk for å ha nok plass til alle elevane, men frå og med hausten 2016 vil altså alle elevane ha plass i same

bygg. Skulen vil då ha rom til fire parallelar på kvart trinn, og vil også få spesialrom til faga mat og helse og naturfag. Ein sørger også for meir plass til lærarane og fleire grupperom.

Leiar for ungdomsskulen, Tron-Arild Grødem, er klar på at nybygget ikkje skal vera eit dyrt praktbygg.

- Me skal likevel sørja for at bygget held god kvalitet og at det blir godt for elevane å vera der, seier han.

## Tredobling på tre døgn

Nybygget vil vera eit såkalla modulbygg, der ferdige modular blir heiste på plass i løpet av få dagar. Modulane blir produserte i Estland, og skal etter planen monterast i januar 2016.

- I løpet av tre døgn vil så å seie alt vera ferdig, både inni og utanpå. Det er berre det elektriske og røyrarbeid som skal gjerast i etterkant, i tillegg til opparbeiding av uteområdet og bygging av den delen som vil binda saman det eksisterande bygget med



Det er vanskeleg å få med eit oppdatert bilete frå byggearbeidet. Kvar dag kan ein sjå framskritt på tomte..

nybygget, seier Tron Arild Grødem.

Nybygget skal vera klart til innflytting i mai. Budsjettet er på 40 millionar kroner.

## Nye tilsette – Tryggheim ungdomsskule



### Ann Iren Tjelta Ravndal

Alder: 38 år.

Oppvekst og noverande bustad: Frå Tananger, bur no på Ålgård.

Tittel på Tryggheim: Miljøterapeut.

Arbeidsoppgåver: Oppfølging av elevar.

Favorittmat: Sushi

Interesser: Natur og hage, kunst og musikk.

Oppteken av/brenn for: At elevar skal oppleve ein trygg og god skulevardag. Eit inkluderande kristent fellesskap.



### Liv Heidi Lie-Bjelland

Alder: 40.

Opprinneleg frå/bustad no: Oppvaksen på Tananger, bur no på Rege.

Tittel på Tryggheim: Pedagog.

Arbeidsoppgåver: Underviser i matte, engelsk og KRL.

Favorittmat: Er altetande, men noko sterkt, gjerne indisk, er ekstra godt.

Interesser: Eg likar godt å lese (gjerne om psykologi) og er veldig glad i musikk og ein god film. Brukar mykje av fritida min på å vere Jesussoldat.

Oppteken av/brenn for: Eg er oppteken av at me må sjå kvarandre, hjelpe kvarandre og kjempe mot alt det som vil øydelegge for at me skal bli det me er skapte av Gud til å vere.



### Kristine Pedersen

Alder: 25 år.

Opprinneleg frå/bustad no: Frå Undheim, bur på Nærland.

Tittel på Tryggheim: Lærar.

Arbeidsoppgåver: Underviser i norsk, naturfag, m.m.

Favorittmat: Italiano cuisine og ekte barista-kaffi!

Interesser: Friluftsliv, trening, reiseliv, naturfag og velvære. Familiekjær.

Oppteken av/brenn for: Brenn for å vera ein god lærar, for søndagsstengde butikkar og for nestekjærleik.



### Hilde Merete Viste

Alder: Nettopp fylt 45 år.

Opprinneleg frå/bustad no: Fødd og oppvaksen ved Palmekysten (Kristiansand). Lever lukkeleg som bondekone på Kruså gard, Nærbo, der eg har budd dei siste 21 åra. Er rikt velsigna med mann og 3 søner.

Tittel på Tryggheim: Adjunkt med opprykk. På Tryggheim er eg kontaktlærar og fagansvarleg i musikk.

Arbeidsoppgåver: Underviser i norsk, musikk + sal og scene.

Favorittmat: Når det står ekte Sørlandskomper med smør og sukker på bordet, ja, då er det fest!

Interesser: Alt som har med song og musikk å gjere.

Oppteken av/brenn for: Brenn for å vinna unge for Jesus Kristus gjennom song og musikk dei kjenner seg att i. Eg har ein draum om å få vere med og skape songglede og samstundes forkynne evangeliet både for elevane på Tryggheim og der eg ferdast elles. "Han la i min munn en ny sang, en lovsang for vår Gud." Salme 40,4.

# De holder skolen ren og pen

Renholdspersonalet på Tryggheim er en flott og fargerik gjeng. Sjefen for dem alle er Raquel Johannessen. Hun er opprinnelig fra Filippinene, men har bodd i Norge i 15 år. Raquel smiler alltid og har bestandig noen vennlige ord til alle hun møter. I tillegg har hun en egen evne til å gjøre det pent rundt seg. Stadig dukker det opp nye blomster, dekorasjoner og annen pynt rundt om i bygningene, fine oppmuntringer i hverdagen som Raquel har ordnet med.

■ Tekst og foto Anne-Berit G. Aanestad

## Drømte om lange bein

- Hvordan havnet du i Norge?

- Jeg ville ha lange bein! Raquel ler og forklarer nærmere: I min familie er vi seks søsken, og alle er veldig forskjellige. Oldefaren min var av aboriginslekt fra Australia, og en annen forfader kom fra Nederland. Dermed har vi fått mange forskjellige gener – og jeg er minst. Mor sa at jeg hadde fått genene for korte bein. Så da var det bare å reise ut i verden og finne seg en mann med lange bein, som barna mine kunne arve, sier hun med en klingende latter.

Raquel kom til Norge som turist i år 2000. Da hadde hun vært lærer i heimkunnskap og naturfag i ti år på det som tilsvarer 7. og 8. trinn på ungdomsskolen i Norge. Gjennom noen venner traff hun mannen i sitt liv – en høy bergenser som bodde i Stavanger. Det ble bryllup, først i Norge og

så på Filippinene.

- Mannen min ville at jeg skulle få et skikkelig filippinsk bryllup, forklarer hun, men vi måtte vente med å reise til jeg hadde fått permanent oppholdstillatelse i Norge, ellers kunne vi risikert at jeg ble nektet innreise igjen når jeg kom tilbake.

## Du smiler jo bare!

For 7 år siden fikk Raquel og mannen tvillinger. Det var en komplisert fødsel som gjorde at det en stund stod om livet for henne. Hun måtte gjennom fire operasjoner, lå to dager i respirator og en uke på intensiv. En lege undret seg over hvordan hun tross de alvorlige omstendighetene klarte å smile så mye.

- Ja, jeg er kristen, svarte Raquel, og hvis jeg skulle dø, så vet jeg hvor jeg skal! Heldigvis gikk det godt, og Raquel kunne reise hjem med to velskapte gutter.



Raquel, en strålende leder for renholdsstaben.

## På visning på Nærbo

Da guttene var rundt fire år, bestemte familien Johannessen at de ville flytte ut av Stavanger til mer landlige omgivelser på grunn av barna.

- Jeg var litt usikker først, jeg hadde jo alle

*Bak f.v.: Marthy V. Tabring - Filippinene, Sybil Akoth Odhiambo – Kenya, Bitsuamlak Mehari – Eritrea og Johanna Gabrys – Polen.  
Foran f.v.: Rosemarie Kundiman, Marelou Nunez og Raquel Johannessen – alle fra Filippinene. Ikke tilstede: Sabina Sundvår (India) og Paula Våland (Filippinene)*







Sabina, Sybil og Rosemarie, tre renholdere fra tre forskjellige land.

vennene mine i Stavanger, i tillegg til en jobb jeg likte godt. Men så reiste vi en dag til Nærbø på visning på et hus vi kunne tenke oss. Huseier var Aud Bodil Voll (kontorfullmektig på Tryggheim). Jeg spurte henne om hun trodde det var lett å få jobb på Nærbø, og hun lovtte å nevne meg for renholdsleder på Tryggheim.

#### Jobbsøknad på teltmøte

Familien kjøpte huset til Aud Bodil, og en dag de kjørte rundt på Nærbø for å se seg om, fikk Raquel øye på et stort telt det stod «Jesus» på. Det var teltmøteuke på Nærbø, og Raquel insisterte på å gå på møte, selv om mannen mente hun sannsynligvis ikke kom til å skjønne så mye av dialekten her. På møtet traff hun Paula som arbeider i vaskeriet på Tryggheim, og som også er fra Filippinene.

- Paula pekte ut rektor på Tryggheim for meg, og så gikk jeg bort til ham og spurte om han hadde jobb til meg!  
Noen uker senere fikk hun telefon fra Tryggheim med spørsmål om hun ville ha et vikariat som renholdsassistent. Dermed var både hus og jobb i boks.  
- Det er jo ikke så mange butikker eller så mye å gjøre her som i Stavanger, men det går greit, og jeg trives godt på Nærbø, sier hun. Nå har jeg dessuten fått 100% fast stilling som renholdsleder, og med to gutter på 7 er det nok å gjøre!

#### Leder for mange nasjonaliteter

Raquel har personalansvar for medarbeidere med flere forskjellige kulturbakgrunner. Av og til kan det være en utfordring.  
- Ikke alle snakker like godt norsk, og det hender det oppstår misforståelser. Noen ganger må jeg rett og slett bruke tegnspråk, sier hun. Men jeg tror det hjelper at dette er en kristen arbeidsplass, legger hun til.

I tillegg har hun ansvar for budsjett og innkjøp til renholdsavdelingen, hun holder styr på hvor og når det skal vaskes, og hun fordeler arbeidsoppgaver på alle ansatte i forbindelse med fester.

- Hvis noen er borte med egenmelding, må jeg vaske i stedet for dem. Ved sykemeldinger skaffer jeg vikar.

#### Døpt i Nærbø kirke

Sabina Sundvor er fra Hyderabad i India. Hun kom til Norge i november 1994. Hun var gift med en sjømann som slo seg ned i Norge, og en dag sendte han henne visum hit.

- Jeg hadde aldri vært i Europa før, og visste ingenting om Norge, forteller hun. Da jeg første gang så snø, gikk jeg ut for å kjenne på den, men falt og slo meg åtte ganger!

Livet sammen i Norge var ikke så enkelt, og etter noen år ble Sabina alene. Så traff hun en norsk mann som hun giftet seg med, men da han døde

i en ulykke kort tid senere, ble hun alene igjen.

- Heldigvis fikk jeg jobb på Tryggheim, først et to måneders vikariat på kjøkkenet, og deretter som renholder i 2008. Jeg trives godt, og elsker jobben min! Det er kjedelig å bo alene uten familie, så da er det fint å komme på jobb og treffe alle ungdommene her.

Sabina forteller at hun reiser til India én gang i året. Der har hun to brødre og seks tantebarn.

- Jeg hjelper dem økonomisk, den ene broren min er syk og har vanskelig for å forsørge familien. På grunn av meg kan barna få skolegang. Den eldste niesen min studerer nå for å bli elektroingeniør, sier en tydelig stolt tante.

- Jeg var ikke kristen da jeg kom til Norge, forteller Sabina videre. Men i India kjente jeg en kristen dame, og likte godt å høre på når hun fortalte fra Bibelen. Her på Nærbø ble jeg kjent med kona til presten, Karin Dahlstrøm. For åtte år siden tok jeg imot Jesus, og ble døpt av Roald Dahlstrøm i nye Nærbø kirke. Omtrent samtidig ble den ene broren min kristen hjemme i India, og ble døpt der!

#### Søker ro på jærseke turstier

Sybil Odhiambo fra Kenya har bodd tre år i Norge. Hun begynte i stillingen som renholder på Tryggheim i fjor, og liker seg veldig godt.

- Jeg er kristen, og har lenge ønsket å få jobb på Tryggheim, forteller hun. Først fikk jeg jobb i en restaurant, men det passet ikke for meg. Så nå takker jeg Gud for at jeg får være her!

Sybil forteller videre at før hun kom til Norge studerte hun økonomi i Kenya, arbeidet litt i en bank og var lærer i ett år. Her i Norge liker hun godt å gå tur, gjerne sammen med den lille sønnen sin på tre og et halvt år.

- Det er veldig mange fine turveier her, og så går vi ofte til Fugleparken. Her er det rolig og fredelig, og det er veldig viktig for meg.

Sybil er ellers aktiv på bedehuset Betel på Nærbø.

#### Kan tenke seg å bli lærer igjen

Rosemarie Kundiman fra Filippinene

begynte som renholder på Tryggheim i høst. Rosemarie har også norsk mann, og familien bodde i flere år på Filippinene. For tre år siden flyttet de til Norge sammen med de to barna, som nå er 10 og 7.

- Hvordan var det for deg og barna å komme til Norge?

- I begynnelsen var det vanskelig, vi kjente ingen og kunne ikke så mye norsk. Men barna lærte fort norsk når de begynte på skolen. De synes det er veldig gildt å bo i Norge, og første gang de opplevde vinter og snø var det kjemppegøy.

Rosemarie fikk sin første jobb på Tryggheim i 2012, men etter tre måneder gikk hun ut i svangerskapspermisjon. Nå er yngstemann to år, og Rosemarie har begynt i rengjøringsjobben igjen – selv om hun har en helt annen utdanning.

- Jeg er egentlig utdannet lærer, smiler hun. Jeg har gym og engelsk som fag, men trenger ett år ekstra på universitetet her for å få utdannelsen godkjent i Norge.

Foreløpig er Rosemarie fornøyd med vaskejobben, men er åpen for å skaffe seg mer utdanning en dag.

Og en ting er både hun og Sabina enige om – det hadde vært veldig fint å ha førerkort når man bor på Nærbø!

## Tryggheimkalender

### OKTOBER

Fre. 30. Operasjon misjonsprosjekt

### NOVEMBER

Lør. 7. Temadag for elever og foreldre, russebasar  
Tirs. 17.- fre. 20. VG3-tur til Oslo (realfag og samfunnsfag)  
Fre. 27. Nattcup v/ russeren  
Man. 30. Åpen dag

### DESEMBER

Tors. 17. Julefest  
Fre. 18. Siste skoledag før jul (halv dag)

## TRYGGHEIMHELSING

Redaksjonskomité:  
Kjartan Håland (redaktør)  
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)  
Henrik Foss  
Knut Handeland  
Björg Topnes  
Knut Reier Indrebø (ungdomsskolen)

Kasserer: Elisabeth Krogedal

e-post Tryggheim skular: post@tryggheim.no

Bladet koster kr 100,- pr år.  
Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS  
Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

# Elevensternet 2015



10-årsjubilarer



20-årsjubilarer



30-årsjubilarer

■ Tekst og foto: Torleiv Haus

For fyrste gong vart elevstemnet arrangert i starten av sommarferien. 50- og 60-årsjubilantane kom fredag den 19. juni, medan elevstemnet for dei andre starta med festsamvær på laurdag ettermiddag. På festsamværet talte Odd Dubland, og rektor Gjermund Viste kom med ei helsing frå skulen. Etter samværet var det festmiddag i matsalen og deretter samling for kvart av kulla. Etter dette var stemnet slutt. Responsen på opplegget var så god at elevstemnet for godt er flytta til den fyrste helga i skuleferien.



40-årsjubilantar



50-årsjubilantar



60-årsjubilantar



# Skolestart til nye høyder

Bjørnar Audenby (15) gikk til topps i klatrekonkurranse på skoletunet.

■ Tekst: Henrik Foss  
■ Foto: Tårn Helge Helgøy og Asle Bruno

Ingen elever nådde høyere enn den nye helse- og oppveksteleven fra Egersund under en sosialkveld i skoleårets andre uke. Bjørnar Audenby klarte å stable 25 tomme bruskasser oppå hverandre før tårnet raste sammen. For ordens skyld: En kranbil og tausikring sørget for at alle deltakerne i klatrekonkurransen kom seg uskadde ned på bakken igjen.

Bruskasseklatingen var bare én av mange aktiviteter som ble arrangert på kveldstid i løpet av to uker med tett pakket program i starten av skoleåret. Fritidsleder Tårn Helge Helgøy ser tilbake på en rekke vellykkede aktiviteter både på og utenfor skolens område.

- Elevene var flinke til å møte opp på arrangementene, og det er vi veldig glade for, sier han på vegne av fritidsteamet.

## En annen «høydeare»

Den årlige turen til Preikestolen, 604 meter over Lysefjorden, var et annet høydepunkt i løpet av oppstarten. Om lag 80 elever og ansatte gikk den populære fjellturen den siste søndagen i august. Tryggheims tropp, Forsvaret og en rekke turister bidro til å skape kø både opp og ned denne dagen, men fritidslederen karakteriserer likevel turen som en suksess.

- Solen varmet i år til forskjell fra en blanding av tåke og regn året før. Til gjengjeld blåste det godt ute på Preikestolen, og de med hatt måtte holde den godt fast, beretter Tårn Helge Helgøy.

## Friluftsliv på timeplanen

I tillegg til sosiale aktiviteter på kveldstid var alle VG1-klassene på kroppsvingstur til Steinkjerringa i starten av skoleåret.

Sammen med kroppsvings- og kontaktlærere gikk elevene fra Holmavatn til Steinkjerringa, der de vandret i åpent lyngheilandskap på Jæren.



Bjørnar Audenby fra Egersund klatret høyest under sosialkvelden i starten av skoleåret.



Andrea Pedersen (f.v.), Ruth-Elise Bergane, Theoline Haugslund, Siri Vik og Therese Austneberg gikk til Preikestolen i slutten av august sammen med om lag 80 andre fra Tryggheim vgs.



Lærerne Harald Dyrøy (t.v.), Asle Bruno og Endre Urstad var i begynnelsen av skoleåret på kroppsvingstur til Steinkjerringa sammen med skolens to bygg- og anleggsteknikklasser.